# Boligblokka

## Ola og Kari testar yrke

I denne «reality-filmen» følgjer vi to ungdommar som skal teste ulike yrke. Kari skal teste ut dei mannsdominerte yrka sivilingeniør og tømrar, mens Ola skal teste ut dei kvinnedominerte yrka veterinær og helsefagarbeidar. Stemte forventningane til Ola og Kari, og forandra dei haldning til yrka undervegs?

## Oppgåver

1. **Gi døme på typiske kjenneteikn ved desse yrka: helsefagarbeidar, tømrar, veterinær og sivilingeniør.**

2. **Arbeidsmarknaden i Noreg er kjønnsdelt.**
   a. Kva vil det seie at arbeidsmarknaden er kjønnsdelt?
   b. Kvifor trur du at helsefagarbeidar er eit typisk kvinneyrke?
   c. Kva argument vil du bruke for at fleire gutar bør bli helsefagarbeidarar?
   d. Kvifor trur du at sivilingeniør er eit typisk mannsyrke?
   e. Kva argument vil du bruke for at fleire jenter bør bli sivilingeniørar?

3. **Jenter og gutar legg ofte vekt på forskjellige verdiar når dei skal velje yrke.**
   a. Ranger desse orda etter kva som betyr mest og minst for deg når du skal velje utdanning/yrke: lønn, utfordrande arbeidsoppgåver, samfunnsnyttige arbeidsoppgåver, godt arbeidsmiljø, kjønnsfordeling.
   b. Samanlikn rangeringa di med rangeringa til ein annan, og forklar kvifor de har valt som de har gjort.

4. **Korleis trur du det vil vere å jobbe på ein arbeidsplass med nesten berre kvinner og ein arbeidsplass med nesten berre menn?**

5. **Finn ut kva jobbar som passar bra for deg, ved å ta ein eller fleire av desse testane: interessetesten til vilbli.no og interessetesten til nav.no.**
   a. Kva resultat fekk du?
   b. Synest du resultatet stemmer? Grunngi svaret ditt.

6. **Vel deg eit yrke som du synest er interessant. Skriv ned tre grunnar til at dette yrket passar for deg, og tre grunnar til at det ikkje passar så godt.**

**Lenkjer**

Vilblino www.vilbli.no
Utdanning.no www.utdanning.no
Jobbkompasset www.utdanning.no/jobbkompasset
Yrkesvalg www.ung.no/yrkesvalg
Likestilling i arbeidslivet www.ndla.no/nb/node/125497
Et kjønnsdelt arbeidsmarked? www.ndla.no/nb/node/125512
Flere menn til omsorgsyrker www.aftenposten.no/nyheter/iriks/Flere-menn-til-omsorgsyrker-7219817.html
Kvinner velger bort høy lønn www.forskning.no/artikler/2013/juni/360649

